SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anette Følid	**Arkivkode**: FE-411
Arkivsaksnr: 21/361	**Løpenr**: 21/4246
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.05.2021	033/2021
Kommunestyret	10.06.2021	058/2021

Nivå på legetenester ved Samnangerheimen

10.06.2021 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KS- 058/2021 Vedtak:
Saka blir tatt til orientering.

27.05.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmann Ingebjørg Vamråk bad om at møtet vart lukka under handsaminga av saka, med heimel i kommunelova § 11-5. Møtet vart lukka medan formannskapet handsama spørsmålet om lukking. Møtet vart opna igjen før røystinga om lukking. Det vart samrøystes vedteke at møtet ikkje skulle vera lukka under handsaminga av saka.

Merknad: Øyvind Strømmen (MDG) bad før røystinga om lukking om at det i møteprotokollen vert teke med at det under handsaminga av spørsmålet om lukking også vart svart på nokre spørsmål om saka (spørsmål som ikkje gjaldt eventuell lukking av møtet).

Einingsleiar for pleie og omsorg, Janne Drevsjø, orienterte innleiingsvis om saka.

Det vart undervegs i handsaminga halde eit gruppemøte. Etter gruppemøtet sette Knut Harald Frøland (Bl) fram følgjande framlegg til vedtak:

"Saka blir tatt til orientering."

Framlegget til Knut Harald Frøland fekk 6 røyster og vart vedteke. Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster.

For Knut Harald Frøland sitt framlegg	For rådmannen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)

Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (Sp)	
Odd Arne Haga (Frp)	

FORM- 033/2021 Vedtak:
Saka blir tatt til orienteing.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret ber rådmannen om å følgje vidare opp legevaktavtalen med Bjørnafjorden kommune, samt å arbeide mot å redusere behovet for legetenester lokalt, ut over behovet for tilsynslege.

Kva saka gjeld:
Tilsynslege l i pleie og omsorg har for tida 40 % stilling i Samnanger kommune. 20 % av stillinga er som tilsynslege på Samnangerheimen, medan resterande 20 % er auka stilling for å ivareta behov for diverse utrykningar og samtalar han har på kveldstid og helg. Noko av grunnen til den auka stillinga er at legevakten på Os ikkje rykkjer ut. Det øvrige arbeidet i stillinga er meir av typen ekstraservice til pasientane ved Samnangerheimen, og då særleg verdien av å kunne ha kontakt med ein lege som kjenner dei.

I tillegg til tilsynslege I sine 20 % som tilsynslege, har kommunen tilsynslege II i 10 % stilling. 30 % tilsynslegeressurs er nok for å ivareta pasientane på Samnangerheimen.

Tilsynslege I har, i tillegg til dei ekstra 20 % fastløn, fakturert pleie og omsorg for alle utrykningar han har. Kostnadane ved dette kjem i tillegg til legevaktavtalen Samnanger kommune har med Os legevakt.

Bakgrunnen for tilsynslege I si auka stilling på 20 % var at tilsynslege I ved fleire høve har uttrykt ønske om auka stilling grunna alt arbeidet han gjer med pasientar etter ordinær arbeidstid, noko som omfattar både utrykning og telefonkontakt med sjukepleiarar. Med bakgrunn i ønske frå tilsynslege I og tilbakemeldingar frå einingsleiar for pleie og omsorg vedr. fakturerte kostnadar, vart det gjennomført eit møte mellom tidlegare rådmann, Charlotte Hageberg, og tilsynslege I i januar 2020. I møtet vart det avtalt at tilsynslege I skulle få auka stillinga si med 10 % frå 01.02.2020 og ytterlegare 10 % frå 01.01.2021, mot at han ikkje fakturerte pleie og omsorg for utrykningane sine.

Det viser seg at tilsynslege I meiner den ekstra stillingsprosenten ikkje skal erstatte fakturering av utrykningar, men komme i tillegg til faktureringa for utrykningar han blir kalla ut på utanom ordinær arbeidstid.

Vurderingar og konsekvensar:
Det er legevakten på Os som skal kontaktast ved sjukdom som oppstår utanom legane i Samnanger si arbeidstid. Det har vist seg at det har vore utfordrande for sjukepleiarane på Samnangerheimen å kome i kontakt med legar på legevakten, og dei får gjentatte ganger beskjed om at legane ikkje kan kome til Samnanger for å sjå til pasienten. Dei får ofte heller ikkje råd/hjelp om kva dei kan gjere for pasienten inntil lokal lege kjem på vakt. Dette er den viktigaste årsaka til at tilsynslege I blir oppringt på kveld og helg for å sjå til pasientar ved Samnangerheimen, eller å bli konsultert kring pasienten sitt sjukdomsbilete.

Det er betryggjande for sjukepleiarane som har ansvar åleine på kveld/natt og helg, at tilsynslege I stiller opp for dei sjuke pasientane. Tilsynslege I har sjølv sagt at han ønsker å stille opp for pasientane då han kjenner dei og sjukdomsbiletet, og pasientane er trygge på han. Han har dessutan kort utrykningstid.

Problemstillinga rundt at legane ved Os legevakt ikkje kjem til Samnanger har ved fleire høve vore teke opp i møter. Ved tidlegare møter har det blitt lova betring, men kort tid etter møtet går samarbeidet tilbake til slik det var før.

Det er no ny leiing ved legevakten på Os, og kommunen hadde møte med legevakten på Samnangerheimen 19.05.2021. Der vart det teke opp avvik som gjekk ut på mellom anna at sjukepleiarane på Samnangerheimen ikkje får snakka med lege, men kun sjukepleiar, når dei ringer legevakta, at det ikkje blir sendt ut lege til Samnanger, men heller ein ambulanse som vurderer pasienten, samt at sjukepleiarane på Samnangerheimen ikkje får råd/hjelp til kva dei kan gjere for pasienten før lokal lege kjem på vakt att. Legevakten grunngjev dette med at det er langt å reise til Samnanger, det vil vera mangel på lege/sjukepleiarar på legevakten dersom dei reiser til Samnanger og at dersom pasientane treng legetilsyn så kan dei sendast med taxi til legevakten på Os.

Møtet med legevakten på Os var godt, med tanke på å få gjort forventningsavklaringar kring korleis avtalen skal gjennomførast etter sitt innhald. Tilbakemeldingane frå representantane får Os legevakt som var med i møtet, var at det er rutine på at sjukepleiarane skal få snakke med lege når dei ringer, det skal sendast ut lege dersom det er behov for det og kommunikasjonen mellom sjukepleiarane som ringer inn og vakthavande lege skal vera betre for å ivareta pasienten best mogleg. Samnanger kommune fekk forsikring om at tidlegare argument om avstand og at det ikkje er fagpersonell igjen på legevakten dersom dei reiser til Samnanger, er argument som ikkje er relevante. Alle som ringer inn skal prioriterast likt uavhenig av kvar dei ringer frå, var meldinga frå legevakten på Os i møtet 19.05.2021.

Ut frå dei avklaringane kommunen no har fått, kva gjeld korleis avtalen med legevakten på Os skal gjennomførast, bør det ikkje vere naudsynt med lokal lege som rykkjer ut, i tillegg til legevakten på Os. Samarbeidet skal følgjast tettare opp, og det er etablert eit avvikssystem.

Kva gjeld det økonomiske biletet, så er dette som følgjer: Kommunen betaler kr. 2 787 000 til legevakten på Os, årleg. Tilsynslege I sin 40 % stilling kostar kommunen kr 444 200 per år, der altså halvparten er vederlag for å vere tilgjengeleg for utrykning/konsultasjon, medan den andre halvparten er vederlag for tilsynslegefunksjon. Fakturerte utgifter for akutt legetilsyn i 2020 var på kr. 45 498, og i 2021 pr. 26.03 er det fakturert for kr. 24 257. Kostnader til tilsynslege II utgjer årleg kr. 97 564.

Spørsmålet er om kommunen skal ha eit ekstra godt tilbod til pasientane ved sjukeheimen, eller om ein skal legge seg på eit nivå som er «godt nok». Etter rådmannen sitt syn bør det ikkje vere naudsynt å ha lokal legerressurs utanom tilsynslegefunksjonen, i tillegg til legevaktavtalen, med mindre Samnanger kommune ønsker å tilby pasientane ved sjukeheimen den ekstra tryggleiken og servicen som ligg i dette tilbodet.

I dette biletet er det viktig å få fram at pasientane på Samnangerheimen er relativt dårlege, der nokre treng fleire tilsyn kvar veke. Slik legeordninga er per i dag, er det legevisitt tysdag og torsdag. Det akutte kring pasientar skal handterast av legevakten. Dette kan vere fall/brot, akutt lungebetennelse, symptom på alvorleg sjukdom, UVI/sepsis, utagerande pasientar, vald, aggresjon og anna alvorleg sjukdom.

Mange avgjerder/oppgåver ynskjer tilsynslegane å vente med, for å sjå an utviklinga. Når symptoma så kompliserer seg, blir lege tilkalla andre dagar/utan om legevisitt. Dette kan gjelde smertelindring, smertepumper, behandling på ikkje-akutte tilstandar, mv.

Det er mykje som tyder på at dersom legevisitten blir organisert slik at avgjerder blir tekne under visitten, samt at legevaktsamarbeidet fungerer som det skal, er det ikkje naudsynt å ha tilgjengeleg lokal lege i tillegg til tilsynslegefunksjonen og tenestene legevakten utfører. Det øvrige vil kunne handterast av sjukepleiar som enten er på vakt eller har bakvakt.